

**ÅLESUND KOMMUNE**  
**Kontrollutvalget**

**MØTEINNKALLING**

Kopi til: Ordfører  
Revisor  
Rådmann

**INNKALLING TIL MØTE I ÅLESUND KONTROLLUTVALG**

**Torsdag 21. november 2019, kl 14.30**, Sekretariatets lokaler i Lerstadvegen 345

Eventuelt forfall meldes til leder av kontrollutvalget 9026 4710 eller til [torgrimbf@gmail.com](mailto:torgrimbf@gmail.com)

**SAKSLISTE:**

- Sak 40/19 Evaluering av reguleringsprosess i Skutvika.
- Sak 41/19 – Eventuelt.

Torgrim Bjørkedal Finnes  
Leder  
(sign)  
15.11.2019

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Ålesund kommune

Dato:  
18.11.2019

**SAK 40/19**  
**BDO-RAPPORT OM KARTLEGGING OG EVALUERING AV**  
**REGULERINGSPROSESS I SKUTVIKA AV 23. OKTOBER 2019**

Som vedlegg følger ovannemnte rapport.

BDO-rapporten er bestilt av Ålesund kommune og Ålesundregionens Havnevesen, heretter kalla ÅRH. Bakgrunnen var påstandar frå ein informant om mulige kritikkverdige forhold ved tildeling av avtalar om ekstern bistand i arbeidet med Skutvika.

Temaet som BDO-rapporten omhandlar var oppe til behandling i kontrollutvalsak 14/19, 25.04.2019 der hamnefogden m.fl. møtte og orienterte. Men temaet har også vore berørt i andre møte.

Kommunens innkjøpskontor har vore rådgjevar for innkjøpa.

Kontrollutvalet har blitt oppmoda av rådmannen om å sjå nærare på saka.

I ein e-post av 23.10.2019 viser rådmannen til eit brev frå BDO datert 24.09.2019 som gjeld forhold utanfor mandatet. Det gjeld etablering av festeavtaler mellom Tyrholm&Farstad og havnevesenet. Brevet omhandlar også forhold der det i gitte tilfelle må søkjast departementet om løyve dersom det skal settast i verk tiltak som kan forringe eller utvatne verdien av hamnekapitalen. Denne og andre problemstillingar blir å sende over til det nye kontrollutvalet. I denne omgangen dreier kontrollutvalet si behandling seg om handtering av innkjøpsregelverket.

Ettersom saka både berører kommunen og eit § 27-samarbeid (ÅRH), kan det vere nyttig å sjå nærare på kontrollutvalet si rolle her.

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga. Det inneber at utvalet skal føre tilsyn med både folkevalgte organ og administrasjonen si verksemd. Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på kommunestyret sine vegne, noko som inneber at utvalet ikkje skal føre tilsyn med kommunestyret.

Den enkelte kommune sitt kontrollutval skal også føre tilsyn med interkommunalt selskap etter kommunlova § 27 som ikkje er å rekne som eige rettssubjekt. Slik kontroll skal bli utført med kommunens del av samarbeidet, men ikkje med heile § 27 samarbeidet. Tilsynsansvaret for heile samarbeidet ligg til kommunestyra i felleskap. Det kan ikkje etablerast felles kontrollorgan for eit slikt

§ 27 samarbeid. Tidlegare har departementet lagt til grunn at dei deltakande kommunane heller ikkje kan la vertskommunen sitt kontrollutval føre tilsyn med § 27 samarbeidet si verksemd. Dette standpunktet synest no å vere lagt vekk. Kontrollutvalet skal ikkje føre vanleg tilsyn med sjølvstendige rettssubjekt som kommunale aksjeselskap, interkommunale selskap (IKS) eller § 27 samarbeid organisert som eige rettssubjekt, men kontrollutvalet er pålagt å føre selskapskontroll med slike selskap. Det er likevel høve til å lage interne reglar slik at t.d. kontrollutvalet i vertskommunen kan føre tilsyn med § 27 samarbeid.

Drøftinga ovanfor er gjort fordi ÅRH er eit § 27 samarbeid. Det har blitt opplyst at ÅRH ikkje er eit sjølvstendig rettssubjekt, dermed kan deler av verksemda samanliknast med ein etat i Ålesund kommune

### **BDO sine vurderingar**

Desse er:

- *Det er kritikkverdig at ÅRH ikke utarbeidet en egen dokumentert verdivurdering av ideskissearbeidet utført av Slyngstad Aamlid i 2015.*
- *Det er kritikkverdig at ÅRH ikke utarbeidet en egen dokumentert verdivurdering av merarbeid og innledende reguleringsoppgaver utført av Slyngstad Aamlid i tiden 2016 - 2019.*
- *Det er kritikkverdig at ÅRH ikke innhentet flere pristilbud i forbindelse med arbeidet med ideskisse i 2015 og merarbeid og innledende reguleringsoppgaver i 2016 - 2019, da begge oppdragene oversteg kr. 100 000.*
- *Det er kritikkverdig at løpende engasjement av Slyngstad Aamlid ikke foregikk på en strukturert og dokumentert måte med en oppdatert avtale.*
- *Det innledende arbeidet med regulering burde blitt utsatt til en formell konkurranse kunne gjennomføres. Innledende reguleringsoppgaver var ikke definert som en av oppgavene Slyngstad Aamlid skulle utføre i anskaffelsen som ble gjennomført i 2015, og arbeidet burde derfor blitt utlyst som et eget oppdrag/omhandlet i en egen avtale.*

### **BDO sine forslag til tiltak**

- *ÅRH må dokumentere at ansatte som er i posisjon til å foreta anskaffelser er gitt nødvendig kunnskap om etablerte retningslinjer og anskaffelsesregler.*
- *ÅRH bør kvalitetssikre sine rutiner for arkivering og sikre at relevante dokumenter arkiveres på riktig måte.*
- *ÅRH må dokumentere risikovurdering av anskaffelsesområdet/innkjøpsprosesser, som grunnlag for risikoreduserende tiltak og prioritering av kontrollaktiviteter.*

### **Oppsummering**

Både ÅRH og Ålesund kommune har hatt høve til å gi høyringsvar på rapporten. Ettersom det ikkje har kome fram vesentlege merknader, kan kontrollutvalet legge BDO-rapporten til grunn for sine vurderingar. I eit brev datert 14.11.2019 frå advokatfirmaet Judicia DA til kontrollutvalet blir kontrollutvalet oppmoda om å gjere meir detaljerte undersøkingar knytt til innkjøpa. Kontrollutvalet

kan vurdere om det er behov for meir detaljerte undersøkingar for å danne seg eit bilete av korleis ÅRH forvaltar innkjøpsregelverket.

BDO-rapporten avdekkjer kritikkverdige forhold. Etter dei grunnleggande prinsippa for konkurranse skal konkurransen sikre likebehandling, vere forutberekeleg, etterprøvbar og forholdsmessig. Konsekvensane av brot på desse prinsippa kan mellom anna vere for høg pris og for lav kvalitet. ÅRH har hatt problem med å følgje gjeldande lovverk på området. Det var kommunens innkjøpskontor med lang erfaring i innkjøpsregelverket som var rådgjevar for dei innkjøpa ÅRH har gjort. Ålesund kommune har sjølv ved fleire høve også hatt problem med å følgje det nasjonale innkjøpsregelverket.

Det øvste ansvaret for hamnevesenet ligg hos styret styret som skal føre tilsyn med administrasjonen.

Med utgangspunkt i saksutgreiinga og dokumenta som følgjer blir saka lagt fram for kontrollutvalet med slikt framlegg til innstilling:

1. Bystyret tek BDO-rapporten «Kartlegging og regulering av reguleringsprosess i Skutvika» til orientering.
2. Bystyret sluttar seg til det som er nemnt om kritikkverdige forhold og forslag til tiltak side 3 i rapporten og som også kjem til uttrykk i saksutgreiinga.
3. Bystyret ber kontrollutvalet også i framtida ha fokus på praktiseringa av det nasjonale innkjøpsregelverket.
4. Bystyret ber om at også forhold som kjem fram i BDO sitt brev av 24.09.2019 blir undersøkt.

Harald Rogne  
settesekretariat